

Postmottaket

Fra: Marit Torsrud Nerol [marit.nerol@aal.kommune.no]
Sendt: 11. desember 2003 16:12
Til: Postmottaket
Emne: Høyringsuttale til forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket og skogbruket frå Ål kommune



Høyringsuttale
miljøforskrifte...

mvh Marit Torsrud Nerol

Jordbruksforvalter i Ål kommune
Torget 1 3570 Ål
Telefon: 32085083 Fax 32085099
E-post: marit.nerol@aal.kommune.no

2003 2997 166

TIN

486

Næring/utviklingsavdelinga

Det kongelige landbruksdepartement
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Arkivkode
233 K20 &13

Vår ref.
03/01589 - Nerol

Dykkar ref.
200302997-/TIN

Dato
11.12.2003

MELDING OM DELEGERT VEDTAK

HØYRING PÅ UTKAST TIL FORSKRIFT OM TILSKOT TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I
LANDBRUKET OG FORSKRIFT OM TILSKOT TIL TILTAK I SKOGBRUKET -
HØYRINGSUTTALE FRÅ ÅL KOMMUNE

Saka er handsama etter delegert mynde frå formannskapet saksnr. 0006/03

Saksopplysningar:

Landbruksdepartementet har den 28. oktober d.å. sendt ut høyringsutkast på:

- Forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket
- Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

Høyringsfristen er sett til 11. desember d.å. Forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket erstattar forskrifta spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap (STILK), forskrift om investeringstøtte til miljøtiltak (IMT) og forskrift om tilskot til miljøretta omlegging i kornområdene (MOMLE). I tillegg omfattar forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket tiltaket "Områdetiltak" som tidlegare kun har vore styrt gjennom rundskriv.

I samband med handsaminga av St. meld. nr 1 (2001-2002), *Nye oppgåver for lokaldemokratiet – regionalt og lokalt nivå* vedtok Stortinget at ei rekke oppgåver innan landbruksforvaltninga skal overførast til kommunane. Overføring gjeld m.a. dei økonomiske verkemidla innfor spesielle miljøtiltak i landbruket, nærings- og miljøtiltak i skogbruket og skogbruksplanlegging. Kommunen vil få tildelt ei disposjonsramme med bakgrunn i ein fleirårig tilskotstrategi som kommunen utarbeider. Bruken av midlane skal forvaltast med grunnlag i forskrift som no er ute på høyring og forskrift om skogbruksplanlegging som skal ut på høyring hausten 2004.

Forskrifta om nærings- og miljøtiltak i skogbruket erstattar forskrift om søknad om handsaming av søknader og utbetaling av statstilskot m.v. til skogsvegar og forskriftene om tilskot til praktikantar i skogbruket, førstegongstynning, drift i vanskeleg terreng, skogkultur, bygging av skogsvegar og miljøtiltak i skogbruket.

Bruken av midlane skal forvaltast med grunnlag i dei forskrifter som denne høyringsuttala omhandlar. Forskrifta opnar for ei breiare satsing på miljøtiltak i landbruket med kommunal- og regional styring.

Vurdering:

Generelt gjev høyringsutkastet kommunane stor fridom til å prioritere mellom ulike tiltak, fastsette tilskotssatsar og nærmare kriteriar og eventuelle vilkår. Det vert lagt opp til at kommunane skal ha handlingsrom og sjølv kunne legge opp til lokaltilpassa verkemiddelbruk.

Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket

Ål kommune har følgjande innspel til høyringsutkastet:

§§ 1, 2, 4, 5, 6, 8, 9, 11 og 12

Ingen merknad

§ 3 (vilkår)

Høyringsutkastet legg opp til at det ikkje kan gjevast tilskot til prosjekt eller tiltak på landbrukseigedom der det offentlege har eigarinteresser. Dette kan medføre praktiske problem i høve til å gjennomføre større felles miljøtiltak for fleire landbrukseigedomar som grensar inntil og kring areal eigd av stat, fylke eller kommune. Områdetiltaket "Kongevegen" i Hemsedal er i så måte eit godt døme pga. at dette er eit miljøtiltak som gjeld fleire landbrukseigedomar samtidig som sjølve "Kongevegen" ligg på statleg grunn.

Søknad om tilskot til restaurering av freda og verneverdige bygningar på landbrukseigedomar er i dag ei etterspurd ordning i Ål. For å kunne kvalitetssikre tiltaket i høve til m.a. verneverdi, hadde det vore ein klar føremon om forskrifta gav føringar på at regional kulturminneforvaltning bør gje uttale i slike saker. Her i kommunen har me hatt synfaringsdagar der kulturvernkonsulenten har sett på gamle hus før eigarane har søkt om tilskot for å restaurere dei. Etter synfaringa har kulturvernkonsulenten utarbeida ein rapport om verneverdi, tilstand på huset og tiltak som bør gjerast for å restaurere huset etter antikvariske prinsipp. Denne rapporten har vore vedlagt søknaden.

§ 7 (utbetaling)

I høve til arbeidet med godkjenning av ulike tiltak, ville det vore ei føremon om forskrifta gav uttrykk for at *"minst 10 % av tilskotet holdes tilbake inntil sluttregnskap er lagt fram og tiltaket er ferdiggodkjent av kommunen"*.

§ 10 (omgjøring, tilbakebetaling og motregning)

Arbeidsmengde knytt til oppfølging og gjennomføring, tilseier at det vil vere føremålstenleg at fyljande avsnitt vert teke *"krav om tilbakebetaling av tilskot ikkje kan settast fram seinare enn 10 år etter siste utbetaling"*, jfr. § 16, 3 ledd i eksisterande forskrift om spesiell tiltak i landbrukets kulturlandskap.

Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

Utkast til forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak gir kommunen stor fridom til å prioritere mellom dei ulike tiltaka, fastsetja tilskotssatsar og gje nærare kriteriar for tildeling samt eventuelle vilkår. Det vert lagt opp til at kommunane skal ha handlingsrom og sjølv kunne legge opp til lokaltilpassa verkemiddelbruk.

§ 2-1

Gjeld tilskot til skogkultur : For å stimulere til oppbygging av kvalitetskog kan det gjevast tilskot til skogkultur og andre kvalitetsfremmande tiltak.

I siste setning er ordlyden: Det kan ikkje gjevast tilskot til skogplanting, såing.....

Ut frå det som er nevnt i andre avsnitt, om handlingsrom til kommunane og lokale tilpasningar i bruken av midlane, samt målet med tilskot til skogkultur for oppbygging av kvalitetskog, er det naturleg at den enkelte kommune sjølv får høve til å ta vurderinga om det bør gjevast tilskot til det enkelte tiltak innanfor skogkultur. Kostnadseffektiv bruk av midlane ligg i botn for prioritering mellom dei ulike tiltaka.

Resultatkontroll syner nedslåande resultat i kommunen der opp mot 50 % av kontrollert areal ikkje er forynga etter hogst. Forynging er eit langsiktig tiltak der investeringa er låst i 100- 150 år før midlane kan frigjerast og det bør vere opning i forskrifta til å prioritere tilskot til foryngingstiltak dersom dette er viktig lokalt. Kva type foryngstiltak som vert stimulert økonomisk, anten det er markberedning, planting eller suppleringsplanting er underordna målet om oppbygging av kvalitetskog. Det er derfor sterkt ynskjeleg at ordet skogplanting og såing vert fjerna i siste setning under § 2-1 i forskrifta og at den enkelte kommune tek stilling til kva tiltak som skal vere tilskotsberettiga.

§ 3- 1 og 3- 2

Det er positivt at det er åpna opp att for at det kan gjevast tilskot til bygging av nye vegar i forskrifta. Det er også bra at vilkår om godkjenning frå kommunen også omfattar godkjenning etter plan- og bygningslova i den nye forskrifta.

§ 5- 1

I utkast til forskrift er det ikkje høve til å gje tilskot til taubanedrift. På dei skogareala der taubanedrift er den beste driftstekniske, økonomiske og miljømessige løysinga i staden for vegbygging, bør kommunen kunne ta stilling til om tilskot skal gjevast eller ikkje. Siste setning i punkt § 5- 1 bør derfor gå ut.

Det er også føreslege at Fylkesmannen skal legge ei føring i tildelingsbrevet til kommunane om at max 50 % av tildelte beløp til skogtiltak kan gå til vegar. Dette bør utgå jfr. tidlegare argumentasjon om kommunal fridom og lokaltilpassa verkemiddelbruk.

Forskrifta er i hovudsak utforma slik at kommunen har gode forutsetningar og handlingsrom til å tilpasse den økonomiske verkemiddelbruken til måla for landbrukspolitikken i kommunen og dei tiltaksstrategiane som blir utarbeida. Dei punkta som detaljregulerer enkelte tiltak innanfor skogbruket bør utgå. Den enkelte kommune bør sjølv kunne ta ansvaret for å sikre ein lokaltilpassa og kostnadseffektiv bruk av midlane.

Med helsing

Reidun Aaker,
Avd. leiar Næring og Utvikling

Marit Torsrud Nerol
Jordbruksforvalter

Vidar Jørdre
Skogbrukssjef

Kopi til: Fylkesmannen i Buskerud, Landbruksavdelinga, Postboks 1604, 3007 DRAMMEN

Vedlegg: _Høyringsutkast frå Landbruksdepartementet, datert 28.10.03